



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3406 - 16/31167

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.11.2016

Avvist søknad om utsleppsløyve - gbnr 117/21 Rosnes

Administrativt vedtak. Saknr: 544/16

Tiltakshavar: Lindås Rør & Sanitær AS
Ansvarleg søkjar: Ragnhild og Alf Bang
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, Velg et element.

Tiltak

Det er søkt om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 117/21. Utsleppet skal reinsast i slamavskiljar før det vert ført til sjø på 15 meter djupne. Det vert elles vist til søknad mottatt 21.10.2016

VURDERING:

Kommunen har gått gjennom søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, Forskrift om begrensing av forurensing § 12-4. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

Nabovarsel

Naboar skal varslast om tiltaket. Vi kan ikkje sjå at det er dokumentert at tiltaket er nabovarsla.

Plan

Omsøkte tiltak må vera i samsvar med gjeldande plan. Eigedommen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel der området er avsett til LNF-føremål. I desse områda er det berre tillatt å etablere tiltak knytt til gardsdrift og næringsbasert verksemd knytt til garden. Tiltaket krev difor at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. I tillegg vil tiltaket krevja dispensasjon frå det generelle byggjeforbodet i strandsona, jf plan- og bygningslova § 1-8.

Reinseløysing

Omsøkte utslepp skal førast til resipient der tilhøva vet vurdert som mindre gode. Omsøkte reinseløysing vert ikkje vurdert som tilfredsstillande. Eventuell bruk av slamavskiljar som einaste reinsetrinn krev at utsleppet vert ført ut av dette området til resipient med tilfredsstillande tilhøve. I tillegg vil omsøkte løysing

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



krevja at eigedomen kan knytast til kommunal slamtømmeordning. Kommunen vurderer at løysinga som er vist for slamtømming ikkje fell inn under vilkåra i slamtømmeforskrifta. Omsløypte avlaupsløysing kan ikkje godkjennast. Det må vurderast alternativ avlaupsløysing som kan godkjennast for eigedomen.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf Forskrift om begrensing av forurensing § 12-4. Omsløypte avlaupsløysing kan heller ikkje godkjennast .

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om begrensing av slamtømming § 12-4, vert søknad om utsleppsløyve for gbnr 117/21 avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om søknaden skal takast til handsaming.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3406

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ragnhild og Alf Bang

Hamevegen 61

5200

OS

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914

ISDALSTØ